

# Hjortejakt 2024

I **Nordherad** fellesområde er elg- og hjortejakta delt i to felt, der hovedfeltet blir tildelt jaktlag for tre år om gongen (2022-24). I det andre feltet, der det meste av arealet ligg i Nordherad statsallmenning, er det opna for jakt på hjort. Her blir det lyst ut jakt for to jaktlag kvart år, og i år som i fjor er grunnkvota tre hjortar per lag. Lag med grunneigar i laget har fortrinnsrett på eitt av dei to som får tildelt jakt. Jakta skjer etter ei rullering, slik at dei laga som har hatt jakt her dei to siste åra, blir prioritert bak ved tildeling i år. Krav om 3-6 personar i laget og om tilgang til godkjent ettersøksekvipasje (avtale). Jakttid 01.09 – 23.12. Grunnpris pr. dyr kr. 2.500. Kg-pris kr. 80 (inkl. moms). Søknad med liste over alle medlemmene i laget skal sendast til Nordherad grunneigarlag v/Ola Kvarberg, på e-post: [ola@kvarberg.no](mailto:ola@kvarberg.no). Søknadsfrist: 25. juni 2024. For meir informasjon: Ola Kvarberg, 91777155. Samarbeidsavtala om jakt i Nordherad fellesområde finn du her [Samarbeidsavtale-jakt-Nordherad.pdf](#)